


Fra: Anngunn Marie Gullbrå
Sendt: onsdag 7. oktober 2020 11:02
Til: 'Beathe Nilsen'
Emne: SV: SAK 20/15709 -Mangel ved søknad om seksjonering for gbnr 134/263.


Hei

Eg har mottatt sending med seksjoneringsøknader i papir, men det er framleis noko eg ikkje heilt finn ut av.

Registrering av desse bygga er ikkje gjort fullstendig i kart og matrikkel. Desse bygga var ikkje teikna i kartet vårt, og var heller ikkje reg som igangsette. Eg trur arealet som ligg inne er etter godkjent Rammeløyve. Når eg no skal gjera desse registreringane- ser eg at dette har vore ei langvarig sak og det er vanskeleg å finne kva som er rett.

Eg finn eit anna sette med teikningar som er godkjent etter endringsøknad og er stempla inn 17.12.2013. Desse samsvarar ikkje med dei som de har sendt inn i seksjonerings-saka.





| | | | | | |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------|--|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------|
| REKNES BYGGJEVNER L.L. Sandg. 104 7015 Reknes 4772 25 00 Tlf: 47 72 25 00 Fax: 47 72 25 01 | UTARBEIDET AV: Unikus PROSJEKTLEDER: REKNES BYGGJEVNER L.L. BYGGJEVNER: | PROSJEKTNR.: 134/203 KOMMUNE: | | TEGNINGSLEDEL: PLAN, SNITT PROSJEKT: SPESIALHUS ARKTEKT: Reknes DATO: 27.11.13 TEKNOLOGI: Tove REVISJON: 09.02 | MÅLSTOKK: 1:100 PROSJEKT NR.: 130553 |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------|--|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------|

Arealet på bueininga i H01 er nokså ulike frå det som ligg i desse teikningane- og det som seksjoneringsteikningane viser. Er det godkjent nye teikningar som eg ikkje har funne? I så fall ber eg om at du sender meg denne godkjenninga.

Kan du også hjelpa meg med å sjekka om adresseringa som er gjort er rett? Kor skal dei ulike bueiningane ha tilkomsten sin? På situasjonskartet er det no vist tilkomst både frå vestsida og frå austsida. Skal bueiningane oppe H02 ha inngang frå vest, og H01 ha tilkomst frå vegen i aust? I så fall vert det kanskje rettast med adressering slik som vist her?



Eg stussar også litt på det at seksjonane i første etasjen skal ha like stor andel i sameiget som dei som har 2 etasjer i bygget. Dette kan de sjølv sagt bestemme som de vil, men det er nok mest vanleg å fastsetje andelsbrøken meir i samsvar med kor store leiligheitene er.

Eg avventar tilbakemelding frå deg.

Beste helsing

Anngunn Marie Gullbrå | Avdelingsingeniør Kart og Oppmåling

Telefon: +47 56 17 11 81

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



Fra: Beathe Nilsen [<mailto:beathe@reknesbyggjevarer.no>]

Sendt: onsdag 30. september 2020 14:25

Til: Anngunn Marie Gullbrå

Emne: SV: SAK 20/15709 -Mangel ved søknad om seksjonering for gbnr 134/263.

Hei.

Her er det bare å legge seg strykeflat og beklage. Jeg skal sende alt på nytt i 2 eksemplarer.

Mvh Beathe

Fra: Anngunn Marie Gullbrå <anngunn.gullbra@alver.kommune.no>

Sendt: onsdag 30. september 2020 14:18

Til: Beathe Nilsen <beathe@reknesbyggjevarer.no>

Emne: SAK 20/15709 -Mangel ved søknad om seksjonering for gbnr 134/263.

Hei

Eg har fått overført sak om seksjonering av gbnr 134/263 i saksystemet, men har venta på papira frå dokumentserveret.

Då eg etterlyste desse i dag, seier dei at denne søknaden berre er sendt på e-post.

For tinglysing av seksjoneringar treng me 2 eksemplar av søknaden- og vedlegg, helst begge med originale signaturar.

Eg ser også at det manglar signatur på side 3 pkt 10- heimelshaver signatur.

Ber om at de merker søknaden med at det er alt er oppretta sak på denne. Sak 20/15709

Frist for innsending av retta søknad er 3 veker frå d.d.

Beste helsing

Anngunn Marie Gullbrå | Avdelingsingeniør Kart og Oppmåling

Telefon: +47 56 17 11 81

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no

